















Teiknforklaring

	Bygg på eldre tun		Tursti
	Kyrkje		Tursti langs eldre vegfar
	Bygg		R Automatisk freda
	Kyrkjegard		R Fjerna
	Skog		R Uavklart vernestatus
	Dyrka mark		Automatisk freda kulturminne
	Elv		
	Veg		

N



1:3 000

0

50


100

200 Meter














AURLAND
NATURVERKSTAD

CK 21.5.2013




Teiknforklaring

- | | |
|--|---|
|  Kulturmiljø |  Bygg på eldre tun |
|  Vatn |  Kyrkje |
|  Kyrkjegard |  Bygg |
|  Skog |  Elv |
|  Dyrka mark |  Veg |
| |  Ekvidistanse |



1:3 750 0 75 150 300 Meter

Vedlegg 8.3





Med innbudsplottet i kommuniteknisk planleggingssystem. Sliket er et offentlig dokument. Ved å bruke dette dokumentet, forbeholder jeg meg retten til å gjøre endringer i planene uten varsel.

Rev.	Endringer	Sgn.	Dato:

Omlagning fv 79 Uggdal- U-Hø1 60km/t
Fotslått
 Planen er utarbeidet av: **Plan VEST**
 Planen er utarbeidet for: **Tyres kommun**

Tekn. nr.	AG	Dato:	07.05.2012
Kort nr.	TV	Aktivitet:	13887
Kort nr.	NN	Tegn nr.	BB01

Mål = 1:1000(A1)

Teiknforklaring

- Eks. vegar
- Elv-bekk
- Eiendomsgrenser
- Friskilt
- Hensivning vegmodell
- Brukar
- Rekkverk
- Avkøyrsløstenges

Figur D.8: Tverrprofil U-Hø1, 6,5 m vegbredde (mål i m)









**PROSJEKT :
FORSTUDIE NYTT OMSORGSSENTER**

MANDAT

1. Bakgrunn

Våren 2007 oppnemnde rådmannen ei administrativ arbeidsgruppe med formål å greia ut status og manglar ved noverande sjukeheim, og å vurdera behovet for rehabilitering og/eller etablering av eit eventuelt nybygg.

Det blei i arbeidet nytta ekstern konsulenthjelp for å vurdera dei tekniske anlegga – samtidig blei også tidlegare arkitekt på noverande sjukeheim nytta for å vurdera alternative løysingar. Følgjande alternativ blei vurdert:

1. Ombygging av eksisterande bygningsmasse
2. Riving av eksisterande bygningsmasse frå 1980, og byggja nytt på tomta i tilknytning til eksisterande bygg frå 2000.
3. Nybygg på ny tomt

Med bakgrunn i arbeidsgruppa sin rapport la rådmannen fram si innstilling og saka blei deretter handsama i fleire møter i kommunestyret og formannskapet - blant anna i februar 2010 og i juni 2010.

I møte 22. juni 2010 gjorde kommunestyre vedtak som følgjer:

1. *Tysnes kommunestyre går inn for å byggja ut eit nytt omsorgsenter ved Tysnes sjukeheim. Bygget skal plasserast på tomt over fylkesveg, og må sjåast saman med vidare bruk av den "nye" delen av den noverande sjukeheimen og resten av den eksisterande kommunale bygningsmassen i området. Målet er å utvikla eit framtidsretta og samla senter for omsorgstenester i Tysnes kommune. Kommunen må såleis sikra nok areal til ei framtidig vidareutbygging i same området, slik det går fram av kartskiye som ligg ved sakspapira. I prosjekteringsarbeidet skal det nøye vurderast om det kan leggjast til rette for ei stegvis utbygging.*
2. *Rådmannen får fullmakt til å setja i gang plan og prosjekteringsarbeid for utbygginga.*
3. *Gjennom det føreståande prosjekteringsarbeidet må det "leiast etter" gode løysingar som kan redusera totalkostnadene i prosjektet. Det er likevel ein føresetnad at lover, regleverk og andre føringar vert følgde – og at prosjektet vert gjennomført i samsvar med Husbanken sine krav.*
4. *Kommunestyret er innstilt på å arbeida for ei omlegging av fylkesvegen slik at den totale omsorgstoma med sine ulike einingar kan framstå som eit samlande heile med gode og trygge kommunikasjonslinjer seg imellom.*

5. *Dei fire omsorgsbustadene må verta ståande.*
6. *Kommune kjøper nødvendig areal i området, slik at utbygginga kan starta opp så snart kommunestyret ha gjort bindende vedtak i budsjett og økonomiplan der kostnadane ved prosjektet er arbeidd inn.*
7. *Kommunestyre skal haldast godt informert gjennom den administrative prosessen.*
8. *Kommunestyret skal ha seg førelagt den endelege utbyggingsløyninga.*

Tysnes kommune gjorde altså i 2010 eit vedtak om å byggja eit nytt omsorgssenter på ei tomt nær opptil noverande sjukeheim i Uggdal.

Det er i vedtaket lagt føringar for bruk av deler av den gamle bygningsmassen som består av eit eldre bygg frå 1980 og eit nyare tilbygg frå 2000, og fire omsorgsbustader.

I samband med rullering av arealplanen for Tysnes kommune i 2012 blei tomte/eigedomen sett av til føremålet. Arealet som er avsett er på totalt ca 50 mål – inkl areal for noverande sjukeheim. I tillegg er det eit ca 15 mål stort område knytt til anna offentleg føremål som ligg tett opp til eigedomen.

Det er frå Fylkeskonservatoren stilt krav om at deler av det nye arealet blir spesielt ivarettatt gjennom eit vedtak om ei omsynssone avgrensing.

2. Mål

I kommunestyrevedtaket ligg det nokre overordna føringar og ei målsetjing om at prosjektet skal enda opp i ei etablering av eit omsorgssenter for Tysnes kommune.

Arbeidet med «Nytt omsorgssenter for Tysnes kommune» skal vere målretta både med omsyn til framtidig drift, og i eit tilpassings- og utviklingsperspektiv. Måla for sjølve prosjektet er definert som resultatmål, medan konsekvensane for Tysnes kommune som verksemd kjem fram som effektmål.

Resultatmål

Prosjektet for eit nytt omsorgssenter skal vera ein mål og resultatorientert gjennomgang av dei føringar som ligg til grunn både internt og eksternt, og skal omfatta:

- Gje svar på dei krav og forskrifter som gjeld for slike bygg
- Klargjera og kvalitetssikra tilskotsordningar for sjukeheimplassar.
- Definerer størrelser og omfang - og vurderer grunnlag for samdrift med andre funksjonar som helse, PU og beredskap
- Vurderer konsekvensar når det gjeld arbeidstilhøve for tilsette
- Praktiske konsekvensar og infrastruktur knytt til disponibelt areal.
- Svare på korleis kulturlandskapet kan ivaretakast opp mot behovet for ny bygningsmasse
- Svare på om det er mogleg å oppretta eit område/areal rundt omsorgssenteret som kan definierast som Tysnes kommune sitt «Heilskaplege landskapsområde for Helse- og omsorg»
- Gje føringar for utarbeiding av ein reguleringsplan for heile område
- Vurderer økonomiske konsekvensar ved alle desse føresetnadene

Effektmål

Effektmål er krav og forventningar som oppdragsgjevar ønskjer å oppnå ved hjelp av prosjektet i eit kort og langsiktig perspektiv.

- Prosjektet skal gi dokumenterbar effektiviserings – og produktivitetsvinst ved:
 - at alle omsorgstenester i så stor grad som mogleg blir samlokalisert og drifta frå ein sentral stad.
 - ved at også andre tenester som helse og beredskap kan bli samlokalisert med omsorgsenteret.
- Prosjektet skal setja bebuarane og tilsette i fokus og leggja til rette for:
 - gode fellesområde,
 - kort veg til nødvendig kompetanse og tenester.
 - Vilkår for god arbeidsflyt
- Prosjektet skal vera Teknologisk framtidsretta ved at det blir tatt i bruk:
 - Moderne hjelpemiddel
 - Skalerbar teknologisk arkitektur
 - Teknologi mest mogleg basert på standardløysingar
 - Framtidsretta løysingar for klima og miljø
- Prosjektet skal ha fokus på framtidig driftsøkonomi og leggja til grunn:
 - Sentral drift
 - Optimale størrelser
 - Tilrettelagt for framtidige behov og vidare utviding
- Prosjektet skal syna at Tysnes kommune legg stor vekt på helse- og omsorgstenester ved å ha fokus på:
 - Planlegging i eit heilheitleg perspektiv med fokus på landskap, helse og omsorg
 - God arkitektonisk utforming i eit kulturhistorisk landskap
 - Gje bebuarane lett tilgang til offentlege og private servicetenester
 - Klima og miljøvenleg utbygging
 - Teknologisk i front

3. Mandat

Forstudien skal ta utgangspunkt i dei føringar som ligg til grunn i kommunestyrevedtaket av 22. juni 2010.

Fylkeskommunen ser på avsett areal som av stor kulturhistorisk verdi og det må derfor leggjast til grunn ei utnytting av tomta som tar omsyn til dette.

Vidare står Tysnes kommune over for store utfordringar med omsyn til den totale økonomiske drifta og tiltak knytt til innsparing. Forstudien må derfor finne driftsoptimale løysingar slik at samla driftskostnader innom sektoren helse og omsorg kan reduserast.

Mandat - Presisering

Studien skal blant anna gje svar på følgjande overordna problemstillingar når det gjeld samlokalisering og samhandling.

- Antall sjukeheimsplasser som det må byggjast for
- Antall omsorgsbustader i eller i nærleiken av bygget som det må byggjast for
- Antall PU bustader i nærleiken til bygget.
- Gjera ei vurdering av den samla helsestrukturen i Tysnes kommune med omsyn til lokalisering av helsetenester ut frå tre ulike alternativ:
 - a) I nytt omsorgssenter,
 - b) I eit helsesenter i Vågsmarka

- c) eller med tilpassingar på Rådhuset.
- Om bygget skal dimensjonert for andre helsetenester som legevakt, helsestasjon, fysioterapi, etc.. eller om desse tenestene kan/skal lokaliserast i nærleiken av dette.
- Om naudatatane skal samlast innanfor område definert som «Landskapsområde for Helse- og omsorg»
- Om det skal etablerast andre type bustader innanfor område.
- Etterbruk av noverande bygningsmasse
- Tilpassing til krav og føringar som følgjer samhandlingsreforma.

4. Oppgåver og avgjersler

Styringsgruppa vedtek mandat for prosjektet. Arbeidsgruppa har ansvar for å utarbeide ei skriftleg utgreiing med tilhøyrande tilråding til styringsgruppa i samsvar med mandat. Styringsgruppa har deretter ansvaret for prosjektet med tilhøyrande prosessar fram til endeleg vedtak om implementering.

5. Oppdragsgjevar

Tysnes kommunestyre er oppdragsgjevar for «Nytt omsorgssenter for Tysnes kommune» Formannskapet har organisert det overordna ansvaret for prosjektet som styringsgruppe. Arbeidsgruppa er oppdragsgjevar for eventuelle delprosjekt som det er naudsynt å oppretta i samband med forstudien.

6. Organisering:

Styringsgruppe:

Formannskapet i Tysnes kommune

Arbeidsgruppe:

Politisk: Utvalsleiarane i Oppvekst og omsorg og formannskapet (2 personer)

Administrasjonen: Kst. rådmann, kst. helse- og sosialsjef, prosjektsjef. (3 personer)

Tilsette: Arbeidstakarorganisasjonane og verneombod. (2 personer)

Arbeidsgruppa hyrer inn fagbistand frå 2 til 3 uavhengige rådgjevarar på følgjande fagområde:

- Landskapsarkitekt - med spesiell fokus på Landskap i plan.
- Arkitekt - med fokus på arkitektur og funksjonalitet og med ei føring på ein bygningsmasse med ei moderne utforming i ein kulturhistorisk setting
- Kompetanse – med fokus på lovverk og krav, brukarbehov og løysingar, moderne teknologi og utvikling og dei tilsette sine arbeidsforhold

Arbeidsgruppa skal sjølv etablere ei referansegruppe med den fagkompetansen som det er behov for i eit slikt prosjekt. Dette gjeld blant anna leiar for omsorgstenestene, kommunelege, fysioterapeut osv.

7. Kritiske suksessfaktorar

Forstudien tar opp i seg - forutan å få bygd eit omsorgssenter - også ei målsetning om å utgreie korleis me skal organisere drifta av helse- og omsorgstenestene i Tysnes kommune. Vidare er det gjort vedtak om å byggja det nye omsorgssenteret på ei tomt som har avgrensingar av kulturhistorisk verdi.

Begge desse forholda treng avklåring og vil vera av stor viktigheit med omsyn til vidare planlegging og gjennomføring av prosjektet.

Det å kombinere desse aspekta vil vera avgjerande for at Tysnes kommune får ei økonomisk optimal drift og eit område for helse- og omsorg som kan stå seg for ettertida. Det er derfor kritisk at me i denne fasen har tilgang til spisskompetanse på fagområda samtidig med at forstudien blir godt forankra.

Det er samtidig viktig å gjennomføra prosjektafasane til rett tid. Noko som kan visa seg å vera kritisk med omsyn til å kunna krevja tilskot frå staten. Dette siste må prosjektleiinga og politikarane vera merksam på med omsyn til gjennomføringsevne.

8. Økonomi og rammevilkår

Det er avsett kr 4 mill til blant anna planlegging i 2013. Totalt er det i økonomiplanen avsett 120 mill kroner til prosjektet.

Det som er realistisk å få gjennomført i 2013 er forstudien og etterfølgjande forprosjekt. I den første fasen som er forstudien er det lagt til grunn at det skal kjøpast konsulenttenester på fagområda landskapsarkitekt, arkitekt og omsorgstenester. I tillegg vil det vera turvande at arbeidsgruppa hentar inn erfaringsgrunnlag gjennom møter og synfaring på referanseanlegg. Denne fasen bør ha ei ramme på inntil kr 600 000.

I neste fase som er forprosjektet er detaljeringsgraden betydelig større og meir arbeidskrevjande. Det er tenkt at denne fasen skal munna ut i ein rapport som kan leggjast fram til politisk handsaming - og nyttast som grunnlag for eit anbodsdokument. Det må i denne fasen gjerast avtale med ein rådgjevande konsulent som ei totalentreprise. Førespurnaden må leggjast ut på doffin. Denne fasen bør ha ei ramme på inntil kr 800 000.

Totalt bør prosjektet for 2013 ha ei ramme på kr 1,4 mill til planlegging. I tillegg kan det vera behov for å setja i gang andre førebuande arbeid som ikkje er definert og som det bør avsetjast midlar til.

Hovudprosjektet vil vera ein del av fullfinansieringa.

9. Endring av mandat

Dersom det er trong for endringar i mandatet undervegs, skal styringsgruppa vurdere og eventuelt godkjenne endringane.

10. Tidsramme – Oppstart og ferdigstilling

Fase I a - Arbeidsgruppa vil ha ei målsetjing om å få fram ein delrapport til formannskapsmøte/kommunestyremøte i april. Denne skal gje svar på kvar kommunen sine

helsetenester skal lokalisert. Dette opp mot mandatet sine punkt vedrørende samlokalisering og spørsmålet om driftsmessige eller tenestemessige fordeler/ulempes.

Fase 1b - Vedtaket vil gje føringar for den endelege forstudierapporten med tilråding. Denne skal leggast fram for politisk handsaming i formannskap/kommunestyre i juni 2013. Administrasjonen vil samtidig i møte i juni kunne leggja fram eit forslag til vidare organisering av prosjektet.

Det må samtidig eller umiddelbart etter vedtak om forprosjektet gjerast vedtak om oppstart av reguleringsarbeidet basert på dei forslaga som kjem fram i forstudien.

Fase 2 – Forstudien skal gje føringar for eit forprosjekt som igjen må leggja fram eit forslag til endeleg utbygging. Denne skal leggast fram for kommunestyre saman med forslag til endeleg finansiering i møte i desember 2013.

I fase 2 må omsorgssenteret programmerast for dei funksjonar senteret skal innehalde slik at det kan utarbeidast ein førespurnad klar for utsending rett over årskiftet 2013/14.

Ved ei slik framdrift skal det nye omsorgssenteret kunne vera klart for innflytting i løpet av 2015.

28. januar 2013

Ivar erstad
prosjektsjef



Tysnes kommune
v/Rådmannen
Kommunehuset
5685 UGGDAL

Tysnes rådmannskr. Arkivnr. 330
16/11-10
Fsk. Kst
Arksaknr. 09/1285 Jnr. 9378/10

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201011092-2/651/VIBE

Dykkar ref.:
09/1285

Bergen, 11. november 2010

Myklestad gnr. 66 bnr. 5 - Nytt omsorgssenter - Tysnes kommune

Vi viser til dykkar brev av 30.09.10, vi seier oss leie for seint svar i saka. Tysnes kommunen har kome med ein førespurnad om tilhøve til bl.a. kulturminne på eit areal kommunen ønskjer å bygge eit nytt omsorgssenter.

Området som er tenkt nytta til bygging av nytt omsorgssenter ligg på Myklestad gnr. 66 bnr. 5 i Uggdal. Det aktuelle område er valt ut i frå bl.a. nærleiken til dagens sjukeheim og kommunehuset som husar ulike kommunale tenester. Eksisterande sjukeheim ligg mellom Rolseelva og FV 79. Nytt omsorgssenter er planlagt bygd nord for FV 79. På sikt ønskjer kommunen å arbeide for ei omlegging av FV 79, slik at sjukeheim og omsorgssenter ikkje vert liggande å kvar si side av eingjennomfartsveg.


Området for nytt omsorgssenter som er vist på oversendt kart frå kommunen er på 46,4 da og består av blandingskog og fulldyrka jord. I aust og vest er det to fulldyrka marker. Desse er skilt av eit høgareliggende skogsområde.

På den vestlege marka, midt på flata, er det registrert to automatisk freda kulturminne, ei gravrøys og ei tuft (askeladden id 25628), sjå vedlagt kart. I samband med Uggdalsprosjektet i 1996 vart det gjort ei registrering av eldre vegfar mellom Uggdal og Onarheim. Det vart då fleire stader registrert synleg vegfar mellom Uggdal og Onarheim. Sør for Fv 79 ved Rolseelva vart det registrert eit vad og sikkert vegfar på marka. Nord for FV 79 og vidare vestover inn på marka på Myklestad gnr. 66 bnr. 5 vart det ikkje påvist synleg vegfar. Men ut i frå utskiftingskart frå 1861 er vegfare vist å gå langs berget heilt aust i planområdet. Vegfare er lagt inn i Askeladden (id 115789) med uavklart vernestatus, sjå vedlagt kart. Sørvest i område ligg gardstunet på Myklestad. Tysnes er ein av kommunane i Hordaland kor det gjenstår ca 2/3 delar av SEFRAK-registrering av hus bygd før 1900. Tunet på Myklestad er ikkje registrert og dokumentert i SEFRAK.

I ein prosess for å få til ei utbygging av området er det mange omsyn å ta. Ein kjenner allereie til kulturminne innanfor planområdet som er automatisk freda, og kulturminne ein må vurdere verneverdien av, vegfare og bygningsmassen i tunet på Myklestad. Vidare er det naudsynt med ei arkeologisk registrering av heile planområdet for å oppfylle undersøkingsplikta etter § 9 kulturminneloven. Vi vurderer området til å ha eit høgt potensial for vidare funn av automatisk freda kulturminne.

Planområdet er topografisk variert, og det er mogleg å bygge ut delar av området samtidig som ein tar vare på kulturminna i ein eventuell framtidig plan for eit nytt omsorgssenter i Tysnes kommune.

Hordaland fylkeskommune ber Tysnes kommune om å skissere kva område innanfor planavgrensinga ein ønskjer å nytte til utbygging. Vidare kva vegløyising kommunen ser for seg ved ei omlegging av FV 79. Hordaland fylkeskommune ønskjer synfare området i høve til vurdering av kostnadane til ein §9 undersøking, og korleis ei eventuell utbygging kan sameinast med omsyn til kulturminne.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator


Vigdis Berge
spesialrådgjevar

Vedlegg: Kart over kulturminne i planområdet

Kopi: Matre, Arnold, Planseksjonen



SAKSBEHANDLER
Hanne Merete R. Moldung

INNVALGSTELEFON

TELEFAKS

+47 22 94 04 04

+47 98 20 27 97

postmottak@ra.no

VÅR REF.
11/02081-2

DERES REF.

DERES DATO
7.10.2011

www.riksantikvaren.no

ARK. P - Plansaker

257 Tysnes kom. - Ho

VÅR DATO
18.11.2011

Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
Seksjon for kulturminnevern og museum
Postboks 7900
5020 Bergen

KOPI



Kulturminnefaglig uttale til kommuneplanen sin arealdel for 2010-2022, Tysnes kommune, Hordaland fylke. Motsegn

Vi syner til e-post datert 7.10.2011 frå Hordaland fylkeskommune, seksjon for kulturminnevern og museum som ber om Riksantikvaren si uttale til offentleg ettersyn av kommuneplanen sin arealdel for 2010-2022, Tysnes kommune.

Fylkeskommunen skal innhente og samordne uttale frå øvrig kulturminneforvaltning i plansaker og skal gi ei samla uttale til planforslaget på vegne av kulturminneforvaltninga, jf. forskrift til kml. kap. 1, § 1 pkt 2.

Riksantikvaren sitt innspel gjeld tre mellomalderske kyrkjestader, Uggdal, Onarheim og Tysnes, som er automatisk freda i medhald av lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 (kml) § 4 første ledd pkt. j og Reskteren kyrkje som er listeført.

Kyrkjestader frå mellomalderen

Kyrkjene var ofte plassert på sentrale og framtrédande stader i landskapet og bevisst forma som landemerke. Kyrkja var ofte eit identitetssymbol i lokalsamfunnet og var ofte plassert på stader med lang tradisjon for busetnad, og som religiøs og sosial samlingsstad. Mange forskjellige kulturminne frå ulike tidsperiodar finnes derfor vanlegvis i dei nærmaste omgjevnadene til desse kyrkjene. Kyrkja og enkeltelemta i dei nærmaste omgjevnadane har ofte stor verdi kvar for seg som kulturminne, og samla som kulturmiljø. Dette legg føringar for kva som kan akseptast av utbygging eller endringar i området.

Kyrkjestadane i Tysnes kommune

Tysnes mellomalderkyrkjestad, Askeladden id. nr. 85698-4

Tysnes mellomalderkyrkje er i dag synleg som kyrkjegard. Her vart ei tømmerkyrkje reist i 1685, og ei eldre trekyrkje, truleg stavkyrkje, vart riven fyrst då ei ny kyrkje sto ferdig i 1868. Denne vart reist om lag 20-30 m sørvest for der den eldre kyrkja sto. Den nye kyrkja vart ståande fram til 1906, då bygningen vart flytta noen kilometer vestover til nedre Gjerstad. Den noverande Tysnes kyrkje er listeført og har Askeladden id. nr. 85698-3. Avgrensinga av mellomalderkyrkjestaden ligg i Askeladden under id. nr. 85698-4.

Onarheim mellomalderkyrkjestad, Askeladden id nr. 85219-4

Onarheim var adelsgoods i mellomalderen. Noverande kyrkje vart reist i 1893 til erstatning for ei kyrkje ferdigstilt 1819/20. Ei mellomaldersk steinkyrkje vart i 1686 skildra med skip av stein og kor av tømmer. I 1819 vart skipet riven og nytt skip reist mens det gamle koret vart bygd om.

Steinkyrkja vart truleg bygd i andre halvdel av 1100-tallet med rektangulært nær kvadratisk skip og smalare, rektangulært kor. Den var bygd i kvader, i det minste utvendig. Ved ei utgraving i 1962 vart delar av nordmuren og vestmuren dokumentert under og øst for den noverande kyrkja sitt kor. Den noverande Onarheim kyrkje er listeført og har Askeladden id. nr. 85219-3. Avgrensinga av mellomalderkyrkjegarden ligg i Askeladden under id. nr. 85219-4.

Uggdal mellomalderkyrkjestad, Askeladden id nr. 85710-2

Noverande kyrkje vart bygd i 1876 og står på (gnr. 66) Myklestad. Forløparen var ei tømmerkyrkje bygd rundt 1630, og denne sto noe lenger ut på terrassen enn det den nye kyrkja gjør. Tømmerkyrkja vart ståande mens den nye kyrkja vart reist. Mellomalderkyrkja sto truleg på same stad som tømmerkyrkja. Kyrkjegarden ligg sør for noverande kyrkje i skråninga ned mot dalbotnen. Like vest for kyrkja, oppe i åsen, heiter det Likhellene, rett ned/sørvest for kyrkja ligg Kyrkjevatten, og noe opp i dalføret mot nordaust heiter det nær grensa mellom Reiso og Borga – på Reisos grunn – Kyrkjeleitet. Uggdal kyrkje er ikkje listeført. Mellomalderkyrkjestaden er avgrensa av terrengknekk i søraust og sør, og avgrensa på anslag i vest og nord. Avgrensinga ligg i Askeladden under id. nr. 85710-2.

Reksteren kyrkje

Reksteren kyrkje vart vigsla i 1937, og det hadde ikkje stått kyrkje her tidligare. Kyrkja er listeført og har Askeladden id. nr. 85286-1. Kyrkja er ei langkyrkje med vesttårn, oppført i panelt bindingsverk. Kor og sakristi ligg under same tak som skipet, men koret stikker ut aust for sakristia.

Riksantikvarens merknader og vurdering

Dei automatisk freda kulturminna er svært sårbare – ikkje berre i høve til inngrep, men også i høve til endringar i omgjevnadane. Forbodet mot skjemming av automatisk freda kulturminne står derfor sterkt i lovverket. Tysnes, Onarheim og Uggdal er mellomalderske kyrkjestader. Det er derfor viktig å vurdere om tiltak i planen vil vere utilbørleg skjemmande for dei automatisk freda kulturminna i området, jf. kulturminnelova § 3.

Tysnes, Onarheim og Uggdal mellomalderkyrkjegarder er automatisk freda kulturminner, og skal visast som omsynssone d) jf. pbl. § 11-8, H-730.

Til mellomalderkyrkjestadane høyrer avgrensing av ei sikringssone på 5 meter jf. kulturminneloven § 6 som inngår i det automatisk freda kulturminnet.

Tysnes mellomalderkyrkjegard og Onarheim og Uggdal kyrkjestad er markert med rune-R på plankartet. Tysnes mellomalderkyrkjegard grenser til område med arealformål LNFR. Kyrkjegarden har arealformål bebyggelse og anlegg, offentleg eller privat tenesteyting. Dersom kyrkjegarden ikkje vert nytta til gravlegging bør den inngå i arealformål LNFR. I plankartet skal den som omsynssone d) ha svart rutenettskravur.

Uggdal har arealformål grav- og urnelund. Den mellomalderske kyrkjestaden skal som omsynssone i plankartet ha svart rutenettskravur.

Onarheim kyrkjestad inngår i arealformål kombinert byggje- og anleggsformål. Kyrkja og kyrkjegarden må endrast til arealformål grav- og urnelund eller religionsutøvelse, samt den avgrensa mellomalderkyrkjegarden skal som omsynssone i plankartet ha svart rutenettskravur.

Onarheim kyrkje er listeført. Kyrkja bør ha omsynssone c), jf. pbl § 11-8, med retningslinjer som seier noe om saker som angår kyrkja og kyrkja sine omgjevnader, jf. Kirkerundskrivet, rundskriv T-3/2000 fra MD og KUF, for eksempel:

"Onarheim kyrkje er ei listeført kyrkje. All bygging nærare kyrkja enn 60 meter er forbode etter kyrkjelova § 21 femte ledd, utan løyve frå biskopen. Saker som angår Onarheim kyrkje skal til Riksantikvaren for rådgjevnad før det vert fatta vedtak av kyrkjeleg myndigheit etter kyrkjelova."

Reksteren kyrkjestad er markert med rune-R på plankartet. Kyrkja er listeført og ikkje automatisk freda, og følgeleg skal kyrkjestaden ikkje markerast med rune-R. Kyrkja bør ha omsynssone c) som Onarheim kyrkje, og føresegna kan vere den same som for Onarheim:

"Reksteren kyrkje er ei listeført kyrkje. All bygging nærare kyrkja enn 60 meter er forbode etter kyrkjelova § 21 femte ledd, utan løyve frå biskopen. Saker som angår Reksteren kyrkje skal til Riksantikvaren for rådgjevnad før det vert fatta vedtak av kyrkjeleg myndigheit etter kyrkjelova."

Føresegner som sikrar god forvaltning av mellomalderkyrkjestadane må innarbeidast i kommuneplanen. I føresegnene for Tysnes, Onarheim og Uggdal mellomalderkyrkjegard skal det stå:

"Mellomalderkyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vært i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vært i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging eller andre inngrep."

Når det gjeld vurdering av kontinuerleg bruk av mellomalderske kyrkjegarder, er her meint ei jamn bruk av kyrkjegarden gjennom heile bruksperioden fram til i dag. Dersom delar av kyrkjegarden ikkje har vært i bruk etter 1945 anser ein at desse delane av kyrkjegarden ikkje lenger tilfredsstiller vilkåret om kontinuerleg bruk. Bruk av desse delane av kyrkjegarden til gravlegging skal såleis ikkje gjenopptakast, og vi viser til Kirkerundskrivet, rundskriv T-3/2000 frå MD og KUF.

For all annan graving på den freda delen av kyrkjegarden skal det søkast om løyve iht. kulturminnelova § 8. Riksantikvaren tilrår derfor at det ikkje vert planlagt treplanting, gjerder, stiar eller andre tiltak som vil innebære inngrep i grunnen innanfor den delen av kyrkjegarden som er avgrensa og definert som mellomalderkyrkjestad.

Følgjande føresegner skal derfor takast inn i kommuneplanen:


"Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan virke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminneloven. Eventuell søknad om løyve til inngrep skal sendast rette antikvariske myndigheit, Riksantikvaren, i god tid før arbeidet er planlagt satt i gang. Kostnader knytt til nødvendige undersøkingar og eventuelle arkeologiske utgravingar vert belasta tiltakshavar."


Onarheim kyrkjestad inngår i arealformål kombinert bygge- og anleggsformål, bustad og tenesteyting. Arealformålet er i konflikt med det kulturmiljøet som Onarheim kyrkje inngår i, og vi ber Hordaland fylkeskommune fremje motsegn til planen.

Uggdal kyrkjestad grenser til arealformål tenesteyting. Arealformålet er i konflikt med det kulturmiljøet som Uggdal kyrkje inngår i, og vi ber Hordaland fylkeskommune fremje motsegn til planen.

Dersom kommunen gir melding om at føresegnene til kommuneplanen ikkje vert endra iht. Riksantikvaren sine merknader, og Hordaland fylkeskommune ikkje finn å ville fremje motsegn til planen, må fylkeskommunen utan opphør varsle Riksantikvaren om dette. Riksantikvaren vil i så fall normalt ta over planen som kulturminnemynde og fremje motsegn til planen.

Med helsing


Marit Huse ef.
Avdelingsdirektør


Margrethe Tviberg
Sekjersonssjef

Kopi til: Tysnes kommune

Arealrekneskap - Tomt Nytt omsorgssenter						
Parkering, ca 20 m2 pr. p.plass NBI 312.130						
Funksjon						
	Behov	Faktor	areal pr enhet	areal totalt	Sum	
30 sjukeheimsplassar	30	1	24	480		
25 plassar omsorgsbustadar	25	1	20	400		
30 tilsette	30	1	30	600		
sum areal parkering					1 480	
div. trafikkareal, varelevering, søppelheating, snuplass taxi / minibuss etc.					2 000	
areal eigen uteplass for kvar av dei 4 gruppene, a 100 m2					400	
areal uteplass omsorgsbustadane					200	
sanehage					820	
felles uteplass / tun på mellomnivået, mulig utviding					2 600	
terrengskrånningar mellom dei tre nivåa, områder med beplantning, stiar, etc					1 000	
areal bygg omsorgssenter, 2 etg. bygg	4 500					
areal bygg omsorgsbustadar, 2 etg. bygg	1 200					
sum bebygd flate					3 500	
sum arealbehov på planert flate						
					12 000	
areal planert område på tomt, som synt på situasjonsplan						
					12 000	